



SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Åse Elin Myking		22/1349

KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL - FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Vedlagte saksdokument:

Kommuneplanens samfunnsdel 2023 - 2035 - Planprogram
Kunnskapsgrunnlag KPS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-12 varslar Vaksdal kommune oppstart av planarbeid for Kommuneplanens samfunnsdel 2023- 2035. Forslag til planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendast høyringsinstansar for uttale, jf. plan- og bygningslova § 11-13.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

På bakgrunn av vedtatt planstrategi for Vaksdal kommune 2020-2024 er det utarbeida forslag til planprogram for Kommuneplanens samfunnsdel 2023-2035. Planprogrammet inneheld bakgrunn og målsetting for planarbeidet og informasjon om organisering, medverknad og framdrift. Vidare vert dei viktigaste områda for samfunnsutvikling i Vaksdal fram mot 2035 presentert: Demografi og folketal, attraktivitet og busetjing, levekår og folkehelse, arbeidsmarknad og verdiskaping, klima, miljø og omstilling, og samfunnsstryggleik og beredskap. For kvart utviklingsområde er det løfta fram kva sentrale tema som skal ha særskild fokus i arbeidet med samfunnsdelen.

Bakgrunn for saka

Kommuneplanens samfunnsdel er kommunen sin viktigaste, strategiske plan, som skal hjelpe oss med å møte framtidige utfordringar. Planen skal både gje langsiktig retning for utvikling av Vaksdal, og definere kva satsingsområde kommunestyret ønskjer å prioritere på kortare sikt. Satsingsområda skal følgjast opp i økonomiplanarbeidet og leggjast til grunn for vurdering av behov for nye eller endra strategiar og temaplanar.

Den gjeldande kommuneplanens samfunnsdel for Vaksdal kommune blei vedtatt i 2017. Gjeldande plan har mange styrker, og har på mange måtar fungert godt som eit lokalpolitisk styringsverktøy. Samstundes har det skjedd endringar både lokalt, i storsamfunnet og i overordna føringar og rammevilkår, noko som gjev behov for å oppdatere samfunnsplanen som eit verktøy for styring av utviklinga i Vaksdal.

For kommuneplanar skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet inneheld bakgrunn og målsetting for planarbeidet og informasjon om organisering, medverknad og framdrift. Vidare vert dei viktigaste områda for samfunnsutvikling i Vaksdal fram mot 2035 presentert:

- Demografi og folketal
- Attraktivitet og busetjing
- Levekår og folkehelse
- Arbeidsmarknad og verdiskaping
- Klima, miljø og omstilling
- Samfunnstryggleik og beredskap.

For kvart utviklingsområde er det løfta frem kva sentrale tema som skal ha fokus i arbeidet med samfunnsdelen. Tema er utarbeida med bakgrunn i kommunal planstrategi og kunnskapsgrunnlag for utfordringsbilde for kommunen.

Formelt grunnlag

Plan- og bygningslova

Kommunal planstrategi 2020 - 2024

Vurdering og konsekvensar

Formålet med planprogrammet er å gje innbyggjarar, politikarar, høyringsinstansar og andre interesserte nok informasjon slik at dei kan ta stilling til planarbeidet og komme med relevante innspel og merknadar.

Planprogrammet legg opp til ein brei medverknad for å skapa engasjement rundt samfunnsdelen og få viktige innspel til planarbeidet. Gjennom ulike prosessar er målet å nå Vaksdal sine innbyggjarar med informasjon, og legge til rette for at flest mogleg skal kunne komme med innspel. Det vert lagt særleg vekt på å nå folk der dei er og bur, og sikre medverknad frå barn og unge. Deltaking frå politikarar er viktig og ein oppfordrar politikarane til å vere aktiv i medverknadsprosessen.

Etter handsaming i Formannskapet vert planprogrammet lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring til berørte myndigheiter og organisasjonar. Etter høyringsperioden vil innspel og merknadar bli vurdert, og planprogrammet eventuelt revidert. Planprogrammet vert så lagt fram for kommunestyret for fastsetting.